

Fyresdal Kommune

Klokkarhamaren 6

3870 Fyresdal



### **Søknad om tilskot til etablering av Momrak Maskinservice (ENK)**

Eg søker med dette Fyresdal kommune om kr 40 000 i tilskot til etablering av Momrak Maskinservice. Føretaket vart registrert i Brønnøysund 03.12.2025, med org.nr. 936 692 443, med det formelle namnet Momrak-Haugan Maskinservice (Br.reg krev fullt etternamn ved registrering).

Gjennom Momrak Maskinservice tenkjer eg å leige meg ut til private og verksemder i Fyresdal og Vest-Telemark, som ser behov for min kompetanse. I tillegg ynskjer eg å drive kaup og sal av maskiner som treng service/reperasjon/oppgradering, som eg igjen kan tene pengar på.

Eg har god kontakt med verksemder i Fyresdal, og gjort dei kjent med føretaket mitt, og har allereie leigd meg ut til mellom ana Solvang Scooterservice og Hansen Motor, med gode tilbakemeldingar. Eg er no i kontakt med Nordby Maskin AS, der dei ynskjer å leige meg inn som maskinførar, servicemekanikar m.m. All innleige hjå dei vil gå gjennom Momrak Maskinservice.

Som bakgrunn har eg fagutdanning frå Vest-Telemark Vidaregåande på Dalen, med arbeidsmaskiner som spesialisering. Etter dette gjekk eg i lære hjå Eiksenteret Seljord, og tok fagbrev der april 2025. Eg har sidan det vore fast tilsett som landbruksmaskin-mekanikar der. August 2025 fekk eg permisjon for å avtene verneplikt, denne tenesta vart avslutta pga. allergiske utfordringar. Eg har framleis permisjon frå Eiksenteret Seljord, og har i denne tida vore innleigd hjå andre, samt jobba mykje på garden heime, også dette gjennom Momrak Maskinservice.

Eg har maskinførarbevis for dumper, gravemaskin og hjullastar, og har førarkort kl. AM.B.BE.S.T, AC-kurs og sertifikat for varme arbeider.

Om eg skulle få innvilga søknaden, ynskjer eg mellom ana å nytte tilskotet til;

- Marknadsføring og profilering av verksemda
- PC, fakturering og rekneskapsprogram m.m.
- Arbeidstøy
- Verktøy og utstyr som er naudsynt for å utføre arbeidet
- Oppgradering av verkstad, ev. servicebil

Dette er ting som er naudsynt for å gjennomføre arbeidet, og som verksemda eg skal jobbe for stiller krav til.

I tida ved Eiksenteret Seljord budde eg i Seljord, men trivast best i Førdsdal, og har eit ynskje om å etablere meg her. Eg synes det er svært spanande med etablering av datasenteret på Molandsmoen, og kva ringverknadar dette kan ha for bygda og næringslivet. Dette ynskjer eg å ta del i gjennom Momrak Maskinservice.

Håpar på ei positiv behandling av søknaden 😊

Mvh

Ketil Momrak-Haugan

Epost: [05ketmom@gmail.com](mailto:05ketmom@gmail.com)

Mob: 960 11 745